



# DEN NORSKE KYRKJA

Førde kyrkjelege fellestråd

## Særutskrift for Førde kyrkjelege fellestråd

---

Tid: 28.10.2014

Førde kyrkjelege fellestråd har i møte den 28.10.2014 hatt denne saka til handsaming:

### **2014/24 Høyringsssvar - Staten og Den norske kyrkja - eit klårt skilje**

#### UTGREIING

##### **Innleiing**

Viser til Høyringsnotat av 2.september 2014 «Staten og Den norske kirke – et tydelig skille» frå Kulturdepartementet.

Høyringsnotatet forelegg også i ein kortversjon – som er samandrag av notatet.

Notatet er sendt ut til ei rekkje høyringsinstansar, men ein stiller spørsmål ved at ikkje kommunane er med på denne lista.

Høyringsnotatet er eit svar på Kirkemøtets vedtak i 2013 om å etablere Den norske kyrkja sentralt som eige rettssubjekt.

Målet er å legge fram ei sak på kyrkjemøte i 2015 som bygger på dette notatet – i tillegg til høyringane som kjem inn. Dernest vert det lovproposisjon i Stortinget og iverksettinga kan difor kome tidlegast i 2017.

Lovendringane er vidareføring i prosessen med ei meir sjølvstendig kyrkje – byggjer mellom anna på kyrkeforliket på Stortinget i 2008. Så kan ein sjølvstendig drøfte kor tydelig skilje er, men det er i alle høve eit markant steg i den retning.

##### Soknets oppgåver og ansvar

Å vidareføre det rettslege sjølvstende som sokna har i dagens kyrklege lovgivning er viktig, men gjerne ei meir utfyllande drøfting av oppgåvefordelinga mellom lokalt, regionalt og sentralt nivå.

Særleg med tanke på komande kommunereform med større lokale einingar og drøftingar av arbeidsdeling mellom kommune og fylke. Ei tilsvarande drøfting mellom lokalt –regionalt og sentralt nivå i kyrkja ville vore nyttig. Skal ein ta ein slik debatt – er dette eit godt høve til å gjere det.

Det går fram av notatet at dei fleste kyrkjelege oppgåvene staten har i dag, er føreslege overført til det nye sentrale rettssubjektet, utan at det er gjennomført ei grundigare drøfting eller grunngeving.

Ein viser til øvrig utvikling, at oppgåver vert overført frå sentralt til regionale og lokale styringsorgan.

Høyringsnotatet gjer framlegg om eit nytt punkt i kyrkelova som sikrar soknet rett til å bli betjent av prest. Dette er positivt, men den seier samstundes ikkje noko om omfang av presten si teneste og heller ikkje noko om soknet si deltaking ved tilsetting. Det bør definerast nærmare.

##### Mellombels ansvar som arbeidsgjevar.

I reformarbeidet så må enkelte endringar gjennomførast stegvis, men ein kunne ynskje ei noko raskare framdrift enn reformarbeidet i Den Norske kyrkja. Det tek for lang tid, ulike reformer og høyringar tek for små steg. Kyrkjemøtet har for lengst gjort vedtak om felles arbeidsgjevar, og ein

treng ei avklaring kvar det skal ligge.

Når ein ikkje har konkludert på dette spørsmålet, ville det då vere naturleg at denne «mellomperioden» la godt til rette for forsøk med felles arbeidsgjevar. Det kunne gje viktig erfaringsmaterieil fram mot endeleg vedtak.

I Kyrkjemøte sitt vedtak i april 2013 står det i pkt 3. «Kirkemøtet understreker at overføringen av virksomhets- og arbeidsgiveransvaret for prestetenesten til et nasjonalt rettssubjekt ikkje endeleg fastlegger hvor arbeidsgiveransvaret i en fremtidig kirkeordning skal plasseres.»

Det ville spart ein for mykje ressursar om ein hadde hatt eit vedtak for kvar felles arbeidsgjevaransvar skulle ligge, og teke rett steg i rett veg med ein gong, istaden for å etablere ei «venteordning».

Rett nok må ein ha ein ha ein sentral arbeidsgjevar for dei som i dag er tilsette sentralt, men det hadde vore ein fordel å visst om prestane også skal ha sentralleddet som arbeidsgjevar i framtida eller ikkje. Det dreier seg mellom anna om kor stor og omfattande organisasjonen må vere.

Ein stiller også spørsmålet ved delegasjonssperra som er føreslege, at kyrkjerådet ikkje kan delegere oppgåver lenger ned ein til prosten. Men sokna kan delegere til bispedømerådet. Konsekvensen av dette er mellom anna at ein ikkje kan prøve ut felles arbeidsgjevar på fellesrådsnivå der prosti og fellesråd har samanfallande grenser. Sjølv om det er den mest etterspurte alternative måten å organisere Den norske kirke på.

Ein stiller seg noko undrande kva som er motivasjon for ei slik delegasjonssperre. I ein «mellomperiode» er nettopp utprøving eit viktig verktøy for å bygge erfaringskompetanse fram mot vedtak.

Ein viser til vedtak på kyrkjemøte i 2005; «Kirkemøtet mener at det skal være et felles arbeidsgiveransvar i en framtidig kirkeordning. Kirkemøtet ber Kirkerådet ta initiativ til flere forsøk med ny mellommenhet på et justert prostinivå, spesielt med vekt på samordnet arbeidsgiveransvar. Det bør også legges til rette for slike forsøk på sokne- og bispedømmenivå.»

### **Ei uavhengig prestetjeneste**

Ein støtter intensjonen om å verne om ei uavhengig prestetjeneste knytt til å utøve tjena i tråd med løfte knytt til ordinasjonen, og dei pliktane og rettane som følger av dette. Men det må ikkje bety uavhengig knytt til organisering, korleis og når presten skal tjenestegjere, eller avgrensing av prestetenesta i høve til råd og øvrige tilsette.

### **Klageorgan**

Ein er kritisk til framlegg om eige klageorgan, dette bør ligg i arbeidsgjevarlinja som er normalordninga i arbeidslivet.

### **Trusopplæringa og økonomi**

Vi har tidlegare slutta oss til framlegget som skal sikre presteteneste i alle sokn, vi etterlyser tilsvarande forpliktingar på trusopplæring i alle sokn. Det har vore gjennomført ei omfattande trusopplæringsreform, det er heilt avgjerande at den vert sikra og vidareført. Den forpliktinga bør staten følge opp i lovteksten.

Når ein til dømes går inn for eit generelt råmetilskot, er det grunn til å vere uroa for løyvinga til trusopplæringa. Løyvingar knytt til konkrete stillingar er meir bindande, medan eit tilskot til trusopplæringa, ikkje har same forplikting i seg slik det står no.

Viser til avsnitt under trusopplæring og rammeløyving. Ein er skeptisk til dette, og argumentasjonen for auke sjølvstyre kan like lett grunnjevast med mindre økonomisk ansvar for løyvande mynde.

Ein ynskjer ei vidareføring av kommunal finansiering av den lokale kyrkja. Det er med på å sikre ei landsdekkande kyrkje.

Momskompensasjonsordninga for sokna skal halde fram som før(s. 83) grunna sokna si verksemd i hovudsak er finansiert av kommunane, men det er føreslått at det nye rettssubjektet skal inn på ordninga som dei frivillige organisasjonane har. Det er svært viktig at sokna får behalde si ordning.

Med overføring av arbeidsgjevaransvaret må det sikrast at dei pensjonsrettande som er bygd opp er sikra ei trygg finansiering. Det er ei forplikting som staten ikkje kan gje frå seg, men følgje opp sine økonomiske forpliktingar fullt ut. Både av omsyn til den enkelte tilsette og til kyrkja som organisasjon.

### **Oppsummering.**

I eit høyringsnotat på over 100 sider kan det vere lett å oversjå viktige detaljar, men vi trur vi har fått med oss dei viktigaste punkta. Men som ei oppsummering vil vi vise til § 2 i kyrkjelova. «soknet er den grunnleggjande enhet i Den Norske kyrkje og kan ikkje løses fra denne» Dette må også sette sitt preg på reformarbeidet, den grunnleggjande eininga må heller tilførast nye oppgåver, framfor å samle dei i regionale og sentrale fora. Og reformarbeid som føregår regionalt og sentralt må bygge opp under den lokale kyrkja som er grunneininga.

Ein må også styre målretta mot avvikling av todelinga ein har i dag, reformarbeidet må difor legge godt til rette for forsøk med felles arbeidsgjevar, til dømes på prostnivå. Men ein stiller spørsmål ved å lovfeste prosten samstundes som ein avviklar den frivillige ordninga med prostiråd. Den kan ikkje vere ei styrking av demokratiarbeidet.

Det er også viktig å ha fokus på forenkling med omsyn til rekneskap, regelverk, arkivsystem, hms, m.m. Det er viktig å ha smidige og minst mogelege byråkratiske ordningar. Særleg med tanke på registrering og rapportering.

Soknet er i dag grunneininga i Den norske kyrkja – når ein føresler at det nye rettssubjektet skal heite «Den Norske kyrkja» så er det tvetydig all den tid lokalkyrkja er ein del av Den norske kyrkja, men ikkje vil vere ein del av det nye sentrale «rettssubjektet». Det nye rettssubjektet må difor ha eit anna namn.

Vedlegg:

1. Samandrag av høyringa "Staten og Den norske kirke - et tydelig skille - 10 sider  
Dette vart delt ut i sist møte.
  2. Kyrkjelova av 1996 med framlegg til endringar - 17 sider  
Her går det fram dei konkrete endringane i lovteksten.
  3. Høyringssvar frå Stavanger kyrkjelege fellestråd - 5 sider
  4. Notat frå prosten - 4 sider
- Desse er nett komne inn, så dei ligg ikkje til grunn for saksutgreiinga, men kan vere grei lesnad som innsteg til problemstillane som vert reist i høyringa.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Førde kyrkjelege fellestråd sluttar seg til vurderingane til kyrkjeverja som fellestrådet si høyringsfråsegn til høyringsnotatet "Staten og Den norske kirke - et tydelig skille"

### **VEDTAK**

Førde kyrkjelege fellestråd sluttar seg til vurderingane til kyrkjeverja som fellestrådet si høyringsfråsegn til høyringsnotatet "Staten og Den norske kirke - et tydelig skille"

Samrøystes

Førde kyrkjelege fellestråd  
O ETNESTAD